

Planlegginga er i gang

Desember 2015

Gang- og sykkelveg Fardal – Ylvisåker



15-2882 grafisk.senter@vegvesen.no

Den nye gang- og sykkelvegen mellom Fardal og Ylvisåker nærmar seg realisering. Over nyttår vil representantar frå Statens vegvesen sin eigedomsseksjonen ta kontakt med grunneigarar langs veglinja for å informere om kva konsekvensar utbygginga vil ha for din eigedom.

Reguleringsplanen er godkjent, og oppstartsmidlar er på plass. No ventar månadar med prosjektering, detaljplanlegging av arbeidet, før arbeidet etter planen skal lysast ut over sommaren.

– Vi ser føre oss arbeidet kan starte hausten 2016, og at byggetida vil vare i halvanna år, seier prosjektleiar Tone Anette Espe.

Grunnerverv

Ho har ansvaret for alle dei tre gang- og sykkelvegprosjekta på rv. 55 mellom Leikanger og Sogndal. Med seg på prosjektet mellom Fardal og Ylvisåker har ho byggeleiar Jan Ole Liljedal. Han vil ha ansvaret for anlegget når arbeidet er i gang.

Men før vi kjem så langt vil eigedomsseksjonen kontakte alle som er grunneigarar og dei som bur langs veglinja. Nokre vil miste delar av

eigedomen eller bygningar når vegen skal byggast, men alle vil bli kompenserte for det som går tapt.

Kvar enkelt grunneigar vil bli kontakta via telefon. I løpet av februar vil dei fleste grunneigarane ha motteke eit framlegg til minneleg kjøpeavtale frå Statens vegvesen.

Dersom vi ikkje blir einige om ei minneleg kjøpeavtale, kan det som ei siste løysing bli varsla ekspropriasjon.

– Detaljane rundt sjølve byggeprosessen ligg noko fram i tid. Vi vil bruke våren til å utarbeide byggeplan og anbudsgrunnlag. Når vi først set i gang med bygginga, vil det bli hektisk aktivitet på store delar av strekninga, seier prosjektleiaren.

Kontaktpersonar i Statens vegvesen:
Prosjektleder Tone Anette Espe, tlf.: 959 48 075

Byggeleiar Jan Ole Liljedal, tlf: 951 91 819
Grunnerverv John Arne Holsen, tlf. 992 43 840